

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.04.2015

**Marte Malones** sette fram slikt forslag:

"Saka vert utsett.

Grunngjeving: Søknaden er mangelfull i henhold til retningslinjer frå fylkesdelplanen og mal frå NVE for småkraftsøknader. Saka sendast difor tilbake for innhenting av informasjon om:

- konsekvensar av evt. tørrlegging
- krav til mistevassføring
- visualisering/bilete
- tap av INON-område som følgje av overføringa"

**Røysting** (forslaget om utsetjing)

Malones sitt forslag fekk 4 røyster (A) og fall.

**Natalie Golis** sette fram slikt forslag:

1. "Hordaland fylkeskommune rår frå overføring av Stølselva grunna manglande dokumentasjon i konsekvensøknaden og av omsyn til friluftsiinteresser.
2. Om NVE gir løyve til overføring, rår Hordaland fylkeskommune til minstevassføring grunna omsyn til det verdifulle fjordlandskapet.
3. Hordaland fylkeskommune vil nok ein gong be NVE om å stilla strengare krav til dokumentasjon i konsesjonssøknader før dei kjem på høyring. Søknader som ikkje er i samsvar med naturmangfaldlova og retningslinjer for søknader i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland, må ikkje sendast på høyring."

**Røysting**

Innstillinga vart vedteken med 9 røyster mot 6 røyster (MDG, KrF, A) for Golis sitt forslag.

**Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune rår til overføring av Stølselva.
2. Av omsyn til det verdifulle fjordlandskapet rår Hordaland fylkeskommune til minstevassføring.
3. Hordaland fylkeskommune vil nok ein gong be NVE om å stilla strengare krav til dokumentasjon i konsesjonssøknader før dei kjem på høyring. Søknader som ikkje er i samsvar med naturmangfaldlova og retningslinjer for søknader i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland, må ikkje sendast på høyring.